

Då er det sommar! Ein håndball- og landhockeysesong er over, og ny fotballsesong er godt i gang. Siste heimekamp (A-lag herrer) slo me Klepp 4-1. Neste heimekamp er mot Hovsherad den 13. juni – kom på kamp!

Håndball herrene endte sesongen med eit anstendig resultat. 6. plass i Rema 1000-ligaen er bra – spesielt med tanke på skadeproblemlene og alle uromomenta troppen stod i gjennom sesongen. Ny trener og ny tropp skaper spenning og forventning til neste sesong. Me gler oss!

Nærø Idrettslag kviler ikkje – me bygger igjen. Denne gongen er det fotballhall. Dugnadsånda lever på Nærø. Det treng ingen tvile på! Arbeidet føregår nå, og det er god framgang i prosjektet. Spelarar, foreldre og besteforeldre trør til, og A-lag herrer frå både håndball og fotball har hatt dugnadstimar i byggegropa. Det er strålande. NIL skal stå saman om å gjennomføre dette prosjektet.

Ein stor del av prosjektet er rekkefølgekrav pålagt av kommunen. Krava gjeld fordrøyning, avløp og trafikkforhold som utbygger må innfri. Rekkefølgekrava vart vedtekne med reguleringsplanen i 2018, og er knytta opp til Nye Loen sitt område av reguleringsplanen. Dynamikken i slike rekkefølgekrav er at dei skal innfri av neste byggeprosjekt i planområdet, og denne gongen vart det ein fotballhall. Dette klarer me isaman.

Dugnadsheltane i NIL er trenarane. Dei brukar hundrevis av timer kvart år på å skape aktivitet for ungane. Det gir nok mykje glede saman med ungane, men det krever også mykje innsats. Det skal me som foreldre vera oppmerksomme på, og me skal stille opp når laget treng at foreldrene gjer ein innsats på dugnad. Idrettslaget er ikkje eit kommunalt tilbod – det er eit felles dugnadsprosjekt kor me alle må bidra. Still opp – dugnad æ jillt!

Med unntak av elitelaget, a-lagstrenarane for herrar og administrasjonen får ingen betalt for innsatsen i NIL. Til og med hovedstyret tar på seg ansvaret for idrettslaget på dugnad.

Pensjonistane som er i Loen på dagtid er ikkje synlige for alle, men innsatsen deira er viktig og verdifull. Damegjengen som står i kiosken ein dag i veka er meir synlege. Takk for at de er med!

Så til deg som ikkje har anledning til å bidra så mykje. Me i NIL skal ha respekt for at ikkje alle har anledning til å bidra like mykje. Ta ein prat med dugnadsansvarlig på laget. Då slepp du å gå å ha dårlig samvit for at din livssituasjon eller jobbsituasjon gjer det vanskelig å bidra. Eller de saman finn ein måte å gjer det mogleg med litt innsats, også for deg. Det plar å løyse seg når me snakker isaman.

Er det tungt økonomisk å vera med i NIL, så ta kontakt med administrasjon. Me har ordninger for å hjelpe dei som treng det.

Min analyse før eg vart valgt inn i hovedstyret var at NIL treng struktur, organisering, betre planlegging og meir åpenhet og kommunikasjon. Det går ganske bra i NIL, og **noko går til og med dritbra**, takka all den gode dugnadsinnsatsen som faktisk vert lagt ned av alle involverte, og at administrasjonen strekker seg maksimalt og står på. Men det er stort potensial for forbedring. Me heng litt i strikken. Me kan planlegge og organisere betre enn nå. Me kan redusere friksjonen, sørge for mindre motstand, og spele kverandre betre – viss me finn betre måter å organisere oss på. Me må legge stein på stein, og me er i gang:

- Nytt medlemsystem vert valgt i desse dager og skal implementeres gradvis omgåande. Nye rutiner for å følge opp fakturering av medlemsavgift og treningsavgift.
- Oppstart Eliteutvalg som skal strukturere og styre elitesatsingen i håndball på både herre og damesiden – fra rekrutt til A-lag.

- Ny nettside er under planlegging.
- Arbeidet med ei klubbhåndbok er starta. Denne skal verta eit verktøy for å definere kven som skal gjera kva, og kor tid.
- Me er i gang med strategi-arbeid, og planlegg ein konferanse for å involvere ei større gruppe enn styret. General-sponsor Risa stiller konferansefasilitetane til rådighet på Heskestad. P.t. leiter me etter dato.
- Me skal ha på plass ein Årsplan / Årshjul over alle aktiviteter.

Takk til alle. Det slutter ikkje nå. Det starter ikkje nå. Me skal saman føre NIL videre, me søker alltid etter betre løysinger – og skal vera i endring til noko betre.